



Norsk namnelag  
Landsmøtet 2016

15.11.2016

### FIREÅRS-MELDING FOR 2013–2016

Medlemstalet har halde seg rimeleg stabilt på noko under 400 i perioden. På heimesida under Medlemskap ligg vervebrosjyrar i fleire variantar til utskrift til bruk ved medlemsverving.

Styret har i perioden hatt denne samansetjinga:

Frode Myrheim, leiar

Anne Svanevik, nestleiar

Styremedlemmer: Gunnstein Akselberg (vara Tor Erik Jenstad), Marit Breie Henriksen (vara Terje Larsen), Åse Wetås (vara Vidar Haslum). Åse Wetås gjekk ut av styret hausten 2015 i samband med at ho vart direktør i Språkrådet.

Styret har hatt tre vanlege styremøte, 14.02.2014, 08 .01.2015 og 10.02.2016. Det meste av kontakten styremedlemmene imellom går gjennom e-post.

#### Utvalde saker i styret

- Namnelaget v/ Frode Myrheim sende i februar 2014 oppmoding til Eining for digital dokumentasjon ved Universitetet i Oslo om å erstatte dei «kryptiske» teikna som vert nytta i attgjevinga av gammalnorske bokstavar og i uttaleopplysningane i Norske Gaardnavne med dei originale og allment kjende teikna.
- I mars 2014 sende Namnelaget ei oppmoding til KUD om å ikkje skifte ut Oldervolls søkjeteneste i Digitalarkivet. KUD svarte at departementet ikkje legg føringar på utforminga av søkjefunksjonar i Digitalarkivet og sende derfor brevet over til Arkivverket, som har ansvaret for nettstaden. Arkivverket svarte i april 2014 at dei, pga. oppmodingar frå Namnelaget og forskarar, har bestemt at dei gamle nettsidene skal halde fram inntil dei kan tilby noko tilsvarande.
- Namnelaget v/ Frode Myrheim sende 10. april 2014 innlegg til Fædrelandsvennen om *Topdal-/Tofdal*-saka med tittelen «Kva skal me med Stadnamnlova?» Innlegget kom på trykk 29. april 2014.
- Namnelaget sende høyringsfråsegn til KUD innan fristen 2. september 2014 til framlegget til endring av lov om stadnamn. Laget sende høyringsfråsegn til framlegget til endring av Forskrift om skrivemåten av stadnamn innan fristen 19. august 2016.

- Namnelaget v/Frode Myrheim, Ole-Jørgen Johannessen og Gunnstein Akselberg heldt innlegg på høyringa om endring av stadnamnlova på Stortinget 13. mai 2015. Sjå Stortingets videoarkiv.
- Frode Myrheim var i 2014 på helgeseminar for Norsk målungdom i Tønsberg og fortalde om lova og om moglege verknader av lovendringsframlegget (som kom i 2015). Det same gjorde han for Ås studentmållag i november same året.
- Namnelaget v/ Frode Myrheim har skrivne to innlegg i Klassekampen: 12. juli 2014 «Stogg nedlegginga av Namnegranskinga!» og 26. mai 2016 «Njótarøy kommune».
- Namnelaget v/ Ole-Jørgen Johannessen har samarbeidd med Novus Forlag om å stå for utgjevinga av Namn og Nemne og i tillegg ta seg av abonnentregister, innkrevjing av kontingent, rekneskapsføring, budsjett m.v.
- Namnelaget v/ Frode Myrheim har skrivne brev til Nasjonalbiblioteket med spørsmål om å leggje Namn og Nemne lenger fram i digitaliseringskøen til Bokhylla.no
- Namnelaget v/ Anne Svanevik har sendt notat til Universitetet i Bergen v/ instituttleiar Johan Myking med innspel i samband med flytting av språksamlingane frå Universitetet i Oslo til Universitetet i Bergen.
- Dagskonferansen *Den reviderte stadnamnlova – konsekvensar og praksisar, mål og føringar* vert arrangert i lokala til Språkrådet i samband med landsmøtet 18.11.2016.

### Namn og Nemne

Tidsskriftet har følgd utgjevingsplanen med eitt nummer i året (nokre gonger litt ut i året etter utgjevingsåret). Nr. 29 – 2012 hadde 137 sider, nr. 30 – 2013 hadde 123 sider, nr. 31 – 2014 hadde 152 sider og nr. 32 – 2015 hadde 141 sider. Nummeret for 2016 ligg hittil ikkje føre.

Redaktørar for 2012-nummeret var Gunnstein Akselberg (ansv.), Gudlaug Nedreid, Aud-Kirsti Pedersen og Inge Særheim. Redaktørar frå og med 2013-nummeret har vore Ole-Jørgen Johannessen (ansv.), Vidar Haslum, Gudlaug Nedreid og Aud-Kirsti Pedersen.

Heile årgangar av tidsskriftet i perioden 2002–2013 ligg på Namnelaget si heimeside. For årgangane før 2002 og dei to siste årgangane ligg innhaldslista på heimesida. Stofftilgangen til tidsskriftet er ei utfordring.

### Nytt om namn

Meldingsbladet har kome ut med eitt eller to årlege nummer med ujamne mellomrom. For nr. 56 – 2012 (66 sider) vart redaksjonen slutført i februar 2013, for nr. 57 – 2013 (70 sider) vart redaksjonen slutført i juni 2013, for nr. 58 – 2013 (66 sider) vart redaksjonen slutført i juni 2014, for nr. 59/60 – 2014 (114 sider) var redaksjonen slutført i januar 2015, og for nr. 61/62 – 2015 (106 sider) vart redaksjonen fullført i november 2015. Frå 2016 er det bestemt at tidsskriftet – dersom landsmøtet godkjenner det – vert gjeve ut éin gong i året med eitt nummer (ikkje som dobbelnummer). Leiarar har skrivne leiarartiklar i alle nummera bortsett frå i nr. 58 der Botolv Helleland skreiv om «Stadnamngransking i motvind» og i nr. 61/62 der Botolv Helleland skreiv ein tilleggs-leiarartikkel om «Namnegransking truleg til Bergen. Sekretariatet for stadnamntenesta til Språkrådet.» Leiarartiklane har hatt titlane « Norsk namnegransking i motbør og eit lovendringsframlegg som ikkje heng på greip», «Bygdebøker som forvaltar av god namneskikk?»,

«Bort med nedervde stadnamn og bort med namnegransking?» og «Endring av stadnamnlova – kva skal vernast?»

Redaktørar har vore Botolv Helleland (ansv.), Gudmund Harildstad og Vidar Haslum. Klaus Johan Myrvoll har vore redaksjonssekretær.

Heile innhaldet i hefta frå åra 2000–2014 ligg på heimesida. For åra 2014 og 2015 ligg innhaldslista på heimesida.

Heimesida <http://www.norsknamelag.no/>

Heimesida vert oppdatert og utvida med ujamne mellomrom. Trass i oppfordringar til medlemmene om å melde frå om aktuelt stoff, er tilbakemeldingane få. Fleire faglege emne manglar framleis på heimesida, rett og slett fordi det ikkje er så lett å få folk til å ta på seg skriveoppdrag. Arbeidet med heimesida er utført privat av Olav Veka og Nancy L. Coleman.

Eit eige klikkpunkt for Lokal stadnamninnsamling manglar framleis.

Facebook

Norsk Namnelag har fått si eiga lukka facebook-gruppe. Gruppa har pr. i dag (11. 11.2016) 23 medlemmer. Det er etter måten stor aktivitet i gruppa.